

NM på trekkspill Fagernes

26. - 29. JUNI - 91



Frist for innlevering av stoff til neste nummer er
9. september.

Me er svært gladé for tips/artiklar/lesarinnlegg m.m. Bruk
fantasien og hjelp oss å laga det bladet DU vil lesa !!!

ANNONSEPRISAR:

Pr. Nummer: Pr. Årgang:

heilside: kr. 200,- Heilside: kr. 800,-

halvside: kr. 100,- Halvside: kr. 400,-

BLI ABONNENT PÅ LÅT O' LINK

Bankgiro: 2070.20.30.294
Postgiro: 0806.20.30.294

Dersom du ikkje har tinga
bladet enno, kan du betala kr 25,-
til Valdres Folkemusikklag, og
me sender deg tidlegare og fram-
tidige nummer av 1991-årgangen.



LÅT O' LINK



Valdres
Folkemusikklag

Medlemsblad nr. 3. 1991

STYRET :

Leiar-
Ingar Ranheim, 2900 Fagernes 063-61 621

Styremedlemmar-

Anne Mette Lunde,	2890 Etnedal	061-20 350
Ola Hjelle,	2966 Slidre	063-43 457
Rolf Karlberg,	2943 Røgne	063-42 448
Kari Hagaseth,	2970 Øylo	063 68 227

Varamedlemmar-

Sigurd Bolstad,	2940 Heggenes	063-40 033
Olav J. Hegge,	2940 Heggenes	063-40 134

LEIARANE I LOKALLAGA :

Vårflaumen-	Ragnhild Haugene	063-60 538
Valdreskvelven-	Bjørg S. Berge	063-68 174
Vestre Slidre-	Ola Hjelle	063-43 457
Etnedal-	Syver Thon	061-20 181
Øystre Slidre-	Sigurd Bolstad	063-40 033
Begnaljom-	Kim Tronrud	063-47 824
Folkedansgruppa i Valdreslaget	Erik Hestnes	02-158200

DISTRIKTSMUSIKARAR :

Anna Fuglesteg	2950 Skamnestein	063-41 169
Trygve Bolstad	3528 Hedalen	063-49 537
Bente Ingholm Hemsing	2910 Aurdal	063-65 331
Marit Karlberg	2940 Heggenes	063-40 162

Arbeidsadressa er Valdres Folkemuseum
2900 Fagernes
tlf: 063-60 377



Vestre Slidre folkemusikk og dansarlag er tilskipar for den første Gamaldans-kappleiken i Valdres.

Mål: - Styrke lokale musikk og dansetradisjonar.

- Styrke gamaldansmiljøet i Valdres.
- Motivere dei aktive til betre prestasjonar.

Program : Det vil kome detaljert program i "Valdres" når påmeldinga er klar.

- All tevling om dagen frå kl. 11
- Konsert kl. 19.30 m/ premieutdeling
- Dans etter musikk av deltakarane på tevlinga.
- Vi ordner med lydutstyr. Grupper må rekne med å møte til lydprøve.

Spel : Alle spelar to runddansmelodiar og blir domde av ei domsnemnd.

Dans : Du kan tevla i 3 el. 4 dansar. V.S.F.D. syrgjer for dansespel.

Deltakaravgift: Dansepar : kr. 100,-
Solospel : kr. 50,-
Grupperlag : kr. 50,- pr. person

Du kan betala på postgirokonto nr. 0823 0995126, V.S.F.D., eller ved framme.

Premiering : Deltakarpremie til alle. (Bildetrykk av Gro Bjørhei).

Premie til dei tre beste i kvar klasse. (Laga av lokal kunstnar.)

Vi har to år på oss til å vise at gamaldansstemnet for Valdres er liv laga.

Synest du dette er eit bra tiltak ? Bli med no !

Hvis deltakarar og publikum ynskjer det, kan vi ha ope svømmebassenget delar av dagen.



I VALDRESTAKT'S NYE EMBLEM

VELKOMNE TIL KAPPLEIK !

Jørn Hilme-stemnet opnar som vanleg konsert på kulturhuset fredagskvelden. Heilt "vanleg" vert det nok likevel ikkje når det i år er Pernille Anker som styrer regien! Konserten er bygd opp kring vinnarane av Haldor Røynes ærespris. Me får oppleva alt frå Bjarne Herrefoss til heksedans, eit nystifta Valdres Spelemannslag og eit spesielt 100-års jubileum.

Kyrkjekonserten sundag har mange gode aktørar, me kan nemne Hildur Øygarden

Men det er sjølv sagt kappleiken det dreier seg om, og me ventar mange deltagarar. Det er viktig å merke seg at det er førehandspåmelding; fristen er

16.juli.



valdres kunstnarar til "uniten" i sumar

California får stor-besök frå Valdres i år, som ifjor og i forfjor...

Skandinavar i USA arrangerar kvart år to veker med samling for dansarar og spelemenn i USA, der utøvarar frå skandinavia blir innbedne som lærarar. Tidlegare har det vore mange frå Valdres der, og også i år reiser ei stor gruppe til Florida nett under Landskappleiken. Tore Bolstad har vore der i fleire år no og har vorte svært populær, både som spel og danse lærar. I årets faldar står blant anna om Tore: "Tore was a big hit at our 1989 camp".

Dei andre som dreg er Håkon Asheim, Dag Hamre, Marit Karlberg, Ingar Ranheim og Marit og Terje Lundemoen.

Dei skal drive opplæring i springar, halling, song, stepping og felespel, og halde konserter om kveldane i 3 veker.

Me ynskjer dei lukke til og ber samstundes folkemusikklaget vurdere Lokalkappleik i Florida 1992...interessa er til siktades.

20.-23.6	Landskappleiken	Voss
26.-30.6	NU-Landstemne	Odda
3.-7.7	Førde folkemusikk festival	Førde
17.-21.7	Landsfestivalen i Runddansmusikk	Vågåmo
26.-28.7	JØRN HILME-STEMNET	FAGERNES
9.-11.8	Vestlandskappleiken	Sogndal
16.-18.8	Finale for "Norsk Dans i 90-åra"	Øyer
18.8	Valdresdag på Norsk Folkemuseum	Oslo
23.-25.8	Folkemusikkdagane	Porsgrunn
14.9	Folkemusikkens og bygdedansens dag	
21.9	Gamaldanskappleik for Valdres	Slidre
12.-13.10	Austlandskappleiken	Oslo
25.-26.10	Seminar "Springar m/2 fylgle	. Oslo
26.10	Springarfest (Valdresspringar)	Oslo
23.11	Folkemusikk i sentrum, konsert	Oslo
24.-28.6	LANDSKAPPLIKESEN 1992	FAGERNES

GAMALDANSSTEMNE

FOR VALDRES

TEVLING I SPEL OG DANS.



Det skjer på Vestre Slidre samfunnshus

laurdag 21. september 1991.

Det går no mot sumar, og eit noko redusert Låt o' link er ferdig. Me treng fleire lesarinnlegg og artiklar. Vil kan hende dei eldre koma med eit hjartesukk over talentlaus ungdom, enn dei unge med ei klage på stive tradisjonar. Låt o' Link er plassen !

Arbeidet med Lanskappleiken på Fagernes er i full sving, noko Olav Jørgen fortel om i bladet. Men føre Lanskappleiken skal Jørn Hilme stemmet arrangeres, i år med dei same nemndleiarane som skal leie Lanskappleiken. Me er sikre på at kappleiken i år vert særspanande, og konserten fredagskvelden gler me oss ekstra til. Pernille Anker slepp seg sjølv og "sine", laus på kulturhuset.

Om ei veke er Lanskappleiken på Voss snart avslutta. Så no gjeld det, pakk sekken og bli med. Ein Lanskappleik er ein så sjeldan hending, at det er for gale å gå glipp av ein einaste ein. Ein stor "delegasjon" frå Valdres dreg til Voss for å læra å laga Lanskappleik, og ei rekke utøvarar er påmeldte. Men det viktigaste med Lanskappleiken er møtet med folk frå andre delar av landet, det er kanskje det som gjer miljøet så rikt. Mø svallast på Voss.





I VALDRESTAKT

Den sprekaste dansegruppa i heile Valdres (og i resten av landet).

I Valdrestakt drog nok ein gong til utlandet. I år for å delta på "19. Internationale Jugendfestwoche Wewelsburg". Dette er ein internasjonal folkedansfestival i Tyskland, særskilt retta mot ungdom. Formålet med festivalen er særleg utveksling og læring av folkemusikk og dans, ved sia av offentlege forestillinger. I Valdrestakt lærte bort bonde, og takta var lett å finna for dei europeiske ungdomane.

Ungdom i frå 11 land deltok, ifrå heile Europa. (Om festivalen er støtta av EF kjennes ikkje til.)

I Valdrestakt har tidlegare vore på tur til Arvika i Sverige, til "World Folkfest" i Springville nær Salt Lake City, og til Inverness nord i Skottland. Desse turane var svært vellykte, og ga mykje inspirasjon til medlemmane, og samstundes mykje omtale om Valdres i utlandet.

På årets tur drog 17 ungdommar frå heile Valdres, og ein folkemusikklinjegut frå Gudbrandsdalen. Spelemenn på turen var Gunhild Aastveit og Henning Andersen på fele, Runar Kolsrud på torader og Arnt Joar Bråten og Arne Hagerup på trekkspel. Programmet inneholdt både springar og runddans, for å få fram variasjonen i dalføret. Samstundes vart det lagt vekt på at dansen og musikken framleis er levande tradisjon, noko som er uvanleg i mange land. Dei spreke karane (og jentene?) dansa laus, og frå arkivet på museet fant ein fram fleire gamle låttestev som vart nytta. Økonomisk slapp deltagarane billeg frå det, fordi Valdres komunane ser på det som god reklame og støtter ungdommen med ein del av reisepengane. I tillegg ordna festivalen opphold og mat.

Gunnhild Aastveit, leiaren i "I Valdrestakt" fortalte med stor iver om turen, til Låt o' Link, og me trekkjer den slutningen at dei stortreivst.

KURSTILBOD VALDRESLAGET HAUSTEN 1991

* VALDRESSPRINGAR - NYBYRJARAR *

Hybyrjarkurs: Kvar måndag - 10 kveldar
Fyrste gong 16. september kl. 1800
Kursstad: Blåsalen, Nordahl Brunsgt. 22
Kursavgift: Kr 250.-
Påmelding og betaling ved frammøte.

Rettleiarar: Brit B. Totland & Jørgen Trøen **Spelemenn:** Erland Joplassen m.fl.

* HALLING / LAUSDANS *

Kurs/øving for: Nybyrjarar & Vidarekomme
Kvar måndag - 13 kveldar
Klokkeslett: Fyrste gong 9. september kl. 1800
Andre gong 16. september kl. 2000
(Vidare: Annankvar måndag kl. 1900 og 2000)
Kursstad: Blåsalen, Nordahl Brunsgt. 22
Kursavgift: Kr 250.-
Påmelding og betaling ved frammøte.
Gratis for alle som tidlegare har betalt for 2 kurs i lausdans!

Rettleiarar: Anders Anmarkrud & Dag Hamre **Spelemenn:** Håkon Asheim m.fl.

* VALDRESSPRINGAR - ØVING *

Vel møtt: Annankvar måndag - 7 kveldar
Fyrste gong 9. september kl. 2000
Stad: Blåsalen, Nordahl Brunsgt. 22

Fri adgang for alle som er glade i å dansa Valdresspringari. Er du ikkje medlem i laget, så er du velkommen til å bli det!

Leiarar: Brit B. Totland & Jørgen Trøen
Spelemenn: Håkon Asheim, Reidar Hamre, Erland Joplassen & Harald Røine

* KURS I LANGELEIKSPEL *

Kurs for: Nybyrjarar & Vidarekomme
Ca. 15 timer
Kursavgift: Medlemmer kr 250.- Andre kr 300.-
Lærar: Marit Karlberg
Kursstid og tid: Vert fastsett etter avtale med deltagarane.
Påmelding: Innan måndag 23. september til:
Marit Karlberg 063-42448 (p)
Brit B. Totland 02-607901 (p)

NB! Har du ikkje instrument sjølv? Hør med Marit.

Mere opplysningar om tilboda v/ Folkedansnemnda i Valdreslaget.

Arnhild 171734 (a)	Brit 607901 (p)	Erik 158200 (p)	Jørgen 200323 (p)
-----------------------	--------------------	--------------------	----------------------

JØRN HILME STEMNET

FASTE ØVINGSKVELDAR :

VESTRE SLIDRE -Springar -annankvar sundag kl. 19.00
Biblioteket i Bankbygget.

-Felespel -kvar måndagskveld kl. 20.00, kl.
19.00 for dei som er nybyrjarar.
Leiar er Trygve Bolstad.

ØYSTRE SLIDRE -Springar -annankvar sundag kl. 19.30
på bygdetunet.

-Torader -jentelaget kl.20.00. torsdagar.
Bygdetunet.

-Torader -Skarvemellin, Onsdagar på Kollstad
barnehage.

I VALDRESTAKT -Dans -kvar sundag kl. 19.00 på Slidrehuset
på Valdres Folkemuseum.

VALDRESLAGET -Springar -Annankvar måndag frå 9. september kl
20.00. Blåsalen, Nordahl Brunsgt. 22

BEGNALJOM -Torader -kvar fredag kl. 1900. Sør Aurdal
ungdomsskule.

-Lag spel -kvar fredag kl. 19.00. Sør Aurdal
ungdomsskule.

VALDRESKVELVEN-Lag spel -Runddanslæte på Åsvang annankvar
onsdag kl.19.30

-Runddans -Annankvar onsdag kl.19.30
På Åsvang.

Dei fleste øvingskveldane vil nok ta pause om sumaren. Ta
kontakt med leiarane !

Påmeldingsskjema GAMALDANSSTEMNET

Navn:.....

Adresse:..... tlf:.....

Skal delta i klasse for:(Set kryss)

Torader : Solo junior |

Solo senior |

Hardingfele : Solo junior |

Solo senior |

Grupper (2-ca 8 personar) |

Lag (over 5 personar) |

Ope klasse (2-4 personar) |

Dansetevling, Vals | sen | jun.

Reinlender | |

Mazurka | |

Polka | |

Under "Grupper" kan trekkspel klubbar
delta.

I lag spel skal fele/hardingfele vera
berande instrument

I ope klasse blir det oppmuntra til
bruk av sjeldne, men tradisjonelle
instrumentsamsetjingar.

I dans og solospel er det junior-
klasse til det året deltakarane fyller
18 år.

Det skal fyllast ut eitt skjema pr.
start.

Påmelding til Gjermund FØR 2966 Slidre
innan 30. aug. 1991

Navn på deltakarar gr/lag | Instr.

Speling om kvelden.

Vi vil helst spela : Før kl. 23.00

Etter kl. 23.00

Namn/ adresse

Lag

Skal delta i:

Klasse

Dans,hardingfele *

A B C D

Dans,fele *

A B C D

Lausdans/halling

A B C D

Spel,hardingfele

A B C D

Spel,fele

A B C D

Song,senior

A B C D

Song,junior

A B C D

Instrument

Eldre folkemusikk,senior

A B C D

Eldre folkemusikk,junior

A B C D

Nyskaping

A B C D

Ant delt. Instrument

Gruppespel,senior

A B C D

Gruppespel,junior

A B C D

Lag spel,senior

A B C D

Lag spel,junior

A B C D

Ant delt.

Song,gruppe

A B C D

Song,lag

A B C D

Lagdans,senior *

A B C D

Lagdans,junior *

A B C D

* Kva slags dans:

Send til Valdres Folkemuseum, 29
Fagernes, eller ring til 063-60

Frist 16.juli

LANSKAPPELEIKEN 1992

Arbeidet med landskappleiken 1992 har kome godt i gang. Hovudnemnda ser så slik ut:

Olav Jørgen Hegge	2940 Heggenes	leiar
Magny Karlberg	2943 Rogne	nestleiar
Håkon Berge	2975 Grindaheim	økonomisjef
Ingrid Bøsiad	2943 Rogne	PR-nemnd
Rolf Nordli	2943 Rogne	premienemnd
Anne Kjellfrid Sunnvoll	2940 Heggenes	konsert og festnemnd
Sverre Høyvik	2966 Slidre	tevlingsnemnd
Geir Harald Fodnes	2920 Leira	teknisk nemnd
Ingebjørg Moe	2960 Røn	møgnemnd
Kirsten Døvre Berge	2900 Fagernes	innkvarteringsnemnd
Oddrun Hegge	2900 Fagernes	utsellingsnemnd
Tone Strandvik	2967 Lomen	barnehagenemnd
Nils Thor Ødegard	2900 Fagernes	vaktinemnd
Grete Rudi Bråten	2910 Aurdal	prydadsnemnd
Ingar Ranheim	2900 Fagernes	leiar i VFL
Marit Karlberg	2940 Heggenes	sekretær

Det første møte i hovudnemnda var 18. mars. Der vedtok vi organisasjonsplan slik denne var utarbeidd av Rolf Karlberg. Deraest hadde vi føre "Sak 2/91 Nemndinstruksar med mannskapsplaner. Nemdleiarane får i oppdrag å lage sin eigen instruks med mannskapsplan og budsjett, ved hjelp av notat frå arbeidsutvalet, uddrag for Landskappleikpermen til LFS og instruksar for Jørn Hilme - stemner.

Kvar nemnd må ha eigen sekretær. Sekretær for Valdres Folkemusikklag er sekretær for arbeidsutvalet og har ein samordningsfunksjon saman med stemneleiar og nestleiar.

Eg har her peikt på det som vil vera svært viktig for arbeidsstrukturen framover. Det same hovudnemndsmøtet den 18. mars fastsette og å ta på seg arrangementet av Jørn Hilme stemnet 1991.(H91) Dette fører med seg desse endringane i hovudnemnda :

Per Odd Moe	vaktinemnd H91
Pernille Anker	konsertnemnd H91

Dessutan har ungdomsgruppa I Valdrestaikt v/ Gunhild Aastveit fått oppdraget med matserveringa på H91.

Signund Årseth har laga bumerkje for Landskappleiken 92. Arbeidet med foldar - dvs. det første enkle reklamematrikklet som vi vil spreie på Landskappleiken på Voss og sidan på alle stemner framover - er no i trykkingfasen. Bumerkjet vil dekke heile framsida av faldaren. Faldaren er det første arbeidet utført av PR. nemnda.

Det er allereie lagt ned mykje arbeid i nemndene, og serskilt veit eg at fest- og konsertnemnda har kome langt med sitt, premienemnda har yylene klare, tevlingsnemnda er alt talrik og i jamnt sig, innkvarteringsnemnda har fått gjennomslag hjå turistkontoret, vaktsefjen L92 ventar enno på sanksjon av høgare militærmakt før det påtenkte vaktopplegget med heimevernet, vaktsefjen H91 har lista klar og ukonkurransejefen har gjeve oss det første grovukasiet til budsjett. Alt i alt ein svært hyggeleg stab å arbeide vidare saman med !

Nokre av oss skal til Voss og samle røysne frå landskappleiken der. Eg trur vi blir sju personar frå hovudnemnda som blir på Voss 2-4 dagar.

I juli vil det meste dreie seg om Hilmesemnet i år, vi vonar dette skal bli ein verdifull prøvestein for organisjonen vår.

Helsing Olav Jørgen

PROGRAM:

FREDAG 26.JULI:

20.00: Konser på Kulturhuset med utdeling av Haldor Røynes ærespris.

21.30: Dans på Valdres Folkemuseum.

LAURDAG 27.JULI:

VALDRESHALLEN:

10.00: Spel og dans kl.C, lag- og gruppespel.

12.00: Song og eldre folkemusikk-instrument, yngste klasse.

13.00: Spel og dans kl.B og D.

VALDRES FOLKEMUSEUM:

19.00: Lagdans, premieutdeling.

20.00: Buskspel, og dans i stover og tun.

24.00: Midnattskonsert i Tingnes kapell.

SUNDAG 28.JULI

VALDRESHALLEN:


12.00: Spel og dans kl.A, lag- og gruppespel, eldste klasse.

14.00: Song og eldre folkemusikk-instrument, eldste klasse.

15.00: Spel og dans kl.A.

VALDRES FOLKEMUSEUM:

18.00: Utekonsert og premieutdeling. Spel og dans for alle som ikkje vil heimatt...



Til "Låt og Link", nr.3

SØR-AURDAL VIL VERA MED

Eg vart inspirert av innlegget til Nils Leine i fyrste nummer av "Låt og Link" der han skriv om "Høljehallingen" og tidelege årstal. Og hermed er eg i gang med å flytte tankane noko sørover i dalen.

I Bagn i Sør-Aurdal vart det i 1728 fødd ein spelemann ved namn Ola Olsen Sørflaten. Denne Ola er forresten også, etter kva eg førebels kjenner til, den eldste felemakaren nemnd i skriftlege kjelder i Valdres.

Interessant er det også at Ola Olsen Sørflaten er fødd samme året (1728) som Knut Ringestad, som er den eldste namngjetne spelemannen ein kjenner til i øvre Valdres (eller nord-Valdres om ein vil...). Når det gjeld lattetradisjonen i Sør-Aurdal ser det ut til at dei eldste lattane me kan trekke liner attende til er etter Arne Steinsrud f.1799 frå Begnadalen. Fleire lattar er "i form etter Arne Steinsrud" og ein latt heiter jamvel "Steinsrud'n"(ein springdans/springar). Arne reiste til Amerika med familien sin (ni ungar!) i 1852. Diverre, får ein vel seia, med tanke på speltradisjonen i Sør-Aurdal....

Rytma i sør er forskjellig frå den i nord. Springartakta er jamnare og ikke så asymetrisk som i nord-Valdres. Det er ei kjennsgjerning at rytma kan variere i eit og same tradisjonsområde. Det er dei som også meiner det har vore tydelege skilnader i springartakta i Vestre Slidre, Øystre Slidre og Vang frå gammalt av. Dette kan ein til ein viss grad gje døme på gjennom eldre arkivopptak.

Det er ikkje berre enkelt å blåse liv att i ein nesten utdøydd tradisjon. Men det er interessant å arbeide med tradisjonsstoff som byr på overraskingar. Dei fleste veit kan hende at me har drive med rekonstruksjon av springaren/springdansen i Sør-Aurdal siste året. Ved hjelp av og i samarbeid med ca.10 dansekjelder frå Hølera/Dølven-området (deriblant tre syskjen Lundelien) kom me så langt at me kunne halde kurs. Bernaljom arrangerte, og interessa og deltakinga var overveldande - noko som lover bra for framtida... Hovedkjelder til dansen er Marie og Knut Lundelien (1882-1955).

Det er også fleire nålevande i Sør-Aurdal som har sett og dansa springdans i ungdomen. Arbeidet med rekonstruksjon av dansen held derfor fram slik at me kan få eit breiare kjeldegrunnlag.

Springdansen/ Springaren i sør er ein tre-svikt dans i motsetnad til springaren i nord som er ein to svikt dans. (Denne skilnaden kom også fram tidlegare då dei arbeidde med rekonstruksjonen av springdansen i Etnedal). Og Ingar er -som vanleg- uunværlig i arbeidet med dans....

Sør-Aurdal er ikkje vorte rekna noko vidare med til det ein har kalt Valdrestradisjon. Og det er kan hende ikkje så rart når ein samanlikner ein sterkt og levande tradisjon i nord med ein nesten utdøydd og lite kjend i sør. Soleis er det heller ikkje riktig å sidestille desse tradisjonsuttrykka. Men det er mykje fint tradisjonsstoff også i sør, og eg trur og meiner at ved å bruke og trekke dette fram, vil ein kunne presentere Valdres som tradisjonsdistrikt med ein enda større variasjonsrikdom.

Så la oss håpe at det i framtida vil spire og gro på folkemusikkfronten i Sør-Aurdal! Målet må i fyrste omgang være at sør-aurdølene sjølve blir klare over alt dei har.

Bente Ingholm Hemsing

Lokalkappleiken – rekkefylgja på tilskiparane:

1992 Øystre Slidre Spel og Dansarlag

1993 Bernaljom

1994 Vestre Slidre Folkemusikk og Dansarlag

1995 Valdreskvelven

1996 Etnedal Spel og Dansarlag

1997 vårflaumen

Gamaldans – stemnet (prøveperiode på to år.)

1991 Vestre Slidre Folkemusikk og Dansarlag

1992 Valdreskvelven